

# Bakgrunnsmateriale og dokumentasjon for ein spelemiddelsøknad

vil variere med type anlegg, men generelt skal...

søknaden innehalda nummererte vedlegg som samsvarar med desse 6 punkta:

- 1. areal** (godkjent tilgang til omsøkt areal - eigedomstilhøve)  
*Kven er eigar av arealet? Sjekk om det er eit krav om tinglysing av avtalen.  
Ev. leigeavtale, eller underteikna formelt løyve til bruk skal leggjast ved som dokumentasjon*
- 2. budsjett / finansiering** bruk skjema for kostnadsoverslag i idrettsanlegg.no)  
*utarbeida kostnadsoverslag for bygging (inkl. mva på kjøp)  
førebelts finansieringsplan (spesifisert plan) (eks. mva-kompensasjon)  
arbeid som kan utførast på dugnad skal registrerast med entreprisekostnad  
dokumentasjon av eigenkapital og ev. dokumentasjon på gåve og verdi av dugnad*
- 3. drift/kapasitet og behov** bruk: Plan for drift i: [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no)  
*forklar korleis er drifta av anlegget organisert? Ev. avtale mellom ansvarleg for drift og den som søker spelemidlar. Årsmøtevedtak på finansiering av kalkulerte kostnader for drift / vedlikehald pr. år. Behovet for anlegget (vurdert særleg opp mot barn og unge)*
- 4. miljøomsyn** (bruk gjerne kart og/eller foto som viser situasjonen omtala i planen)  
*korleis er anlegget tilpassa aktivitet i nærleiken? - og karakteren i landskapet (bruk gjerne oppriss, perspektiv og modellfoto, aksonometri)  
kva forhold er spesielt teke omsyn til?  
t.d. trafikk, driftsmateriell (oppbevaring/ kjelde til forureining / skilting + markering)*
- 5. teikningar**  
*kommenter universell utforming  
for større prosjekt: presenter ei vurdering av estetiske og miljømessige kvalitetar av anlegget (t.d.: gode romløyningar og sambandsliner mellom rom, og tilrettelegging for sosial aktivitet*
- 6. kartplassering**  
*situasjonsplan i målestokk 1:1000 eller 1:500. Denne planen skal syne kva område som er til disposisjon for anlegget, og kva utvidingsreservar som er sikra. Ev. byggjesteg skal visast.*

Ta med omtale av «fleksibel bruk», sambruk og kombinasjonar av aktivitetar og ev. avtale om samarbeid om drift. Vedlegga **skal** nummererast i samsvar med pkt. som er lista ovanfor.

Søknad om (vedl. 7.) **rehabilitering** skal ha dokumentasjon som skildrar no-situasjonen.

På: [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no), finn du [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no), og der er også «Bestemmelser om tilskudd til anlegg...» der m.a. krav til fysiske mål, maks tilskot og krav til søkar er omtala.

Oppdatert sept 2019